



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgjevar Atle Morsund, 71 25 84 84

Vår dato

14.04.2014

Dykkar dato

Vår ref.

2014/903/FMMRATMO/350

Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal

## Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar 11. og 12. juni.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterer til årleg fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar på Finnøy Havstuer på Finnøya 11. og 12. juni 2014.

Hovudtema under samlinga blir erfaringar med tilsyn med kommunal beredskapsplikt. Andre aktuelle tema går fram av programmet, som er lagt ved dette brevet. Det blir lagt opp til erfaringsutveksling frå øvingar og reelle hendingar.

Det er planlangt ein båttur til Ona om kvelden den 11. Det er her snakk om ein 10-15 min lang båttur kvar veg, og omvisning når vi kjem på land på Ona. Det er bestilt fint ver, men det kan vere greitt å ha med seg kle for alle tilfelle.

Reiseinformasjon går fram av baksida på programmet. Det kan vere ein bra ting for deltakarar å samarbeide om reise til Finnøya frå nord, då ferja frå Småge til Finnøya har relativ liten kapasitet for bilar.

Fylkesmannen dekkjer noko av kostandane med denne samlinga, men det kan bli ein eigendel på *inntil kr 1.500*. Dette vil dekke overnatting, alle måltid og båtturen til Ona. Det er muleg å velje dagpakkar og middag om kvelden for dei som ikkje skal overnatte.

Påmeldingsskjema ligg på fylkesmannen sin nettstad, [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr), under lenka «kurs og konferansekalender» nedst på sida.

### Frist for påmelding: måndag 2. juni 2014.

Spørsmål om påmeldinga kan rettast til på telefon 71 25 85 05/ 71 25 80 67 eller e-post: [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no). Spørsmål om programmet eller opplegget kan elles rettast til Atle Morsund på telefon 71 25 84 84 eller e-post [atle.morsund@fylkesmannen.no](mailto:atle.morsund@fylkesmannen.no).

Med helsing

Ketil Matvik Foldal (e.f.)  
Fylkesberedskapssjef

Atle Morsund  
Rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg: Program

Postadresse: Fylkeshuset 6404 Molde	Telefon: 71 25 84 43	Telefax: 71 25 85 10	E-post: <a href="mailto:postmottak@fmmr.no">postmottak@fmmr.no</a>	Web: <a href="http://www.fylkesmannen.no">www.fylkesmannen.no</a>
---	-------------------------	-------------------------	---	--